



Møtereferat – internt

U.off:

Vår ref
2023/7048-11

Sakshandsamar:
Kyrre Einar Hegg

Arkivkode:
U01

Dato:
12.03.2024

Til:	Medlemmar i strategigruppa
Frå:	Kyrre Einar Hegg

Gjeld:	Møte i strategigruppa for ny reiselivsstrategi 2. februar 2024 - referat
Møtetid:	2.2.2024 – 12.00-14.00
Møtestad:	Austbø hotell
Tilstade:	
Fråverande:	

- Oppsummering frå arbeidsverkstadene
 - Alle destinasjonane slit med å få folk til å møte, men har fått positive tilbakemeldingar etter arbeidsverkstadene. Det er positivt med dialogarenaer som dette.
 - Det blei litt lite tid, og det er visse ting me må arbeide meir med.
 - Det er litt delte meiningar om korleis ein best legg opp slike arbeidsverkstader (plenium eller grupper?).
 - Me bør byrje å snakke om "oss" og strategien "vår".
- Prosessen vidare i strategiarbeidet
 - Pål klipper saman innspela frå arbeidsverkstadene og sender til strategigruppa (me har alt fått dei strategiske setningane) - snarast, og seinast morgonen 7. februar
 - Strategigruppa prioriterer stikkord/tema som blei samla inn under berekraftknaggane og snakkar meir om skriveprosessen - 7. februar kl.11 på Straand Hotell
 - Pål lagar førsteutkast til strategidokument - innan 12. februar
 - Strategigruppa jobbar med førsteutkastet - frå 13. februar. Me avtaler møter seinare.
 - Destinasjonane jobbar kvar for seg med målgrupper basert på skjemaet frå Pål - fortløpande framover mot møte 15. april
 - Webinar med Hilde/Visit Telemark om fritidsbustad- og innbyggjarundersøkinga - 6. mars, 13.30 til 14.30, invitasjon skal komme.

- Møte i styringsgruppa for reiselivsstrategi og berekraftsertifisering Vest-Telemark med presentasjon av utkast til regional handlingsplan - 20. mars på Lien (Kristin, Lilly Marita, Kyrre og Aud Irene reiser)
- 19./20./21. mars - Fylkeskommunen kjem til Rauland: Hovudutvalsleiar for kultur, reiseliv og frivillighet Hilde Alice Vågslid og direktør for kultur, reiseliv og frivillighet Maja Foss Five. I tillegg kjem varaordførar Nils Johan Svalastog Garnes og utvalsleiar for oppvekst og velferdsutvalet Kari Tveito, og andre frå administrasjonen i Vinje kommune. Kan strategigruppa møte dei på noko vis? Kyrre kjem attende til dette.
- Strategigruppemøte om mål og målgrupper - 15. april, frå lunsj og utover dagen (nøyaktig tid og stad kjem me attende til)
- Møte om strategiutkastet med næringslivet frå alle destinasjonane - 16. april, 09.00-14.00, Austbø hotell
- April/mai - møte om destinasjonsleiing som ein del av berekraftsertifiseringa. Visit Telemark inviterer.
- Landbruksrådgjevarane i Vest-Telemark skal på studietur til dei franske alpane frå 27. til 31. mai. Tema er fjellandbruk og reiseliv, og dei har invitert med seg folk frå reiselivet (inkludert Visit Telemark). Vinje vurderer framleis kven som skal reise. I forkant er det snakk om ein temadag. Me vurderer om strategigruppa kan vere delaktig her.